
Fra: Kjersti Møllerup Subba
Sendt: 27. oktober 2016 10:34
Til: 'Marit Røttingen'
Emne: Planforslag Øvre Holbergstien - Behov for avklaringar

Hei

Vi har no fått sett gjennom planforslaget som vart sendt inn 28.9.2016. Vi har stor forståing for at de no ynskjer at planforslaget vert lagt fram til 1. gongs handsaming etter den lange prosessen som har vore tidligare. Vi er derfor innstilte på at endringar av mindre viktig karakter kan kommenterast i saksutgreiinga, og takast etter offentleg høyring.

Vi ser av materiellet som er levert inn at det vert til dels store terrenginngrep, m.a. høge murar og skjeringar og store fyllingar. Dette vil ha konsekvensar som vi gjerne skulle hatt belyst gjennom 3D-illustrasjonar, slik det var utarbeidd for førre planforslag. Dette er viktig for å få visualisert prosjektet tydeleg både for politisk handsaming, men også for den vidare prosessen med offentleg høyring osv. Vi kan heller ikkje sjå at det er lagt ved sol- og skyggediagram. Då dette er et område som er nord-nordvestvend vil det vera ekstra viktig å få belyst dette. Det må dokumenterast at leikeareala har ei solrik plassering slik det er stilt krav om i reguleringsføresegnene. Både 3D-illustrasjonar og soldiagram er viktige for oss for å kunne vurdere planforslaget på ein god nok måte, og vi ber om at dette vert sendt inn snarast, og seinast innan 15. november dersom planforslaget skal rekka handsaming i Utval for drift og utvikling 6.12.2016.

Soldiagramma skal visa:

- både eksisterande og framtidig situasjon.
- situasjonen ved jamndøgn kl. 1200, 1500 og 1800.
- situasjonen 20. mai kl. 1200, 1500, 1800 og 2000.
- situasjonen ved sommarsolverv kl.1800 og 2000.
- skyggeutslag både for prosjektet sine egne bygningar og uteareal, og for tilgrensande eigedomar og bygningar.

Vi har også eit par andre spørsmål/kommentarar:

- Vi er uroa for høgresvingen i aust når ein kjører oppover vegen. Er det vurdert at det er nok bredeutviding her, og kva er møtesikten i svingen? Ber om at dette vert vurdert opp mot vegvesenet si handbok N100. Ser at hus 3 på illustrasjonsplanen er trekt litt tilbake frå svingen, men byggegrensa er lagt lengre ut mot vegen her enn illustrasjonen viser. Vi ber om ei vurdering på desse forholda, bl.a. om det er behov for siktilinje for å ivareta sikt her. Vi kan heller ikkje sjå at det er sendt inn lengde- og tverrprofilar for vegen og ber om at desse blir sendt inn.
- Vi ønskjer ei vurdering av massebalansen i området. Omfattande tilkjøring/-utkjøring av massar vil få konsekvensar for det nærliggjande bustadområdet, og vi må ha tryggleik for at tiltaket er vurdert i forhold til dette.
- Vår vurdering er at blokkbebyggelse vil vere det naturlege reguleringsføreålet for hus 1, hus 2, hus 4 og hus 5. Vi ber om ei vurdering av dykk på dette.
- Vi stussar også på at reguleringsføreålet turveg er nytta på gangvegen som bind dei to hovednivåa i planområdet saman. Vi meiner at gangveg vil vere det rette reguleringsføreålet, og ber om ei forklaring på dette.

Behov for ev. endringar når det gjeld dei to siste strekpunkta kan ev. takast etter handsaminga i utvalet, men før planforslaget blir lagt ut til offentleg ettersyn.

Vi håpar at de har forståing for at vi treng denne informasjonen no. Ta kontakt dersom det skulle vere spørsmål til dette.

Med venleg helsing

Kjersti Møllerup Subba

Konsulent

Tlf: 41 42 42 47

E-post: kjersti.mollerup.subba@meland.kommune.no



Meland kommune
- Eit samfunn for alle -